

TUSSESOGER

Høgg ikkje i skinnfellen

Ein mann i Åmotsdal var ute og slo på nokre store grastuver. Då ropar det under ei tuve: Høgg ikkje i skinnfellen, høgg ikkje i skinnfellen! Då var det tussen som ikkje ville ha øydelagt sengekleda sine.

Flytt fjaset

Det var på ein gard i Åmotsdal at kyrne var så dårlege. Same kva bonden gjorde, med alt frå friskt høy til havre, så hjalp det ikkje. Kyrne blei bare dårlegare og dårlegare.

Ein dag bonden fant vatn til kyrne, kom det ein tusse bort til han. Tussen sa at dersom han flytte fjaset så skulle han få dei feitaste kyrne i heile bygdi. Det hadde seg slik at kvar gong kyrne skeit, datt det ned i matfatet til tussane.

Tussehatten

Det var ein gong ein gut som leita etter hesten sin. Då ropa det frå berge: "Skal eg hive ut hatten til far din"? "Ja gjer det", svara guten. Då kom hatten bort til han. Guten tok han på, fann hesten og gjekk heim. Vi ser deg ikkje, sa dei då han kom heim. "Eg er her", sa guten. Men dei såg han ikkje. Så tok han av seg hatten, og då såg dei han.

BÅNSULL

Bia bia liten sull
tru me hae stoga full
av slike snille ungar.
Løa og låven, buret og koven
og ein heil krull utpå tunet.
Su rull liten lei
me skal bia bånnet meir.

GJETARSTUBB

Han sat på tuva med dusk i luva den vene gut,
og upp han reis og meg hândi baud
og hardt i hândi han tok meg au.
Men då eg vakna eg dyri sakna
både ku og sau.